



## Møteinkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Dato:** Torsdag 4.11.2021  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Anne Marie

Forfall må meldast til kyrkjeverje: kyrkja@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Jostein Skram og Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 28.10.2021

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Jan Overweg  
kyrkjeverje

**Sakliste:**

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/64	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	
2021/65	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 14.10.2021	
2021/66		Visitasprogram og arbeidet med visitasmelding	
2021/67		Høyring om ny kyrkjeleg organisering – løypemelding	
2021/68		Meldingar / open post	

**Sak 2021/64 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste****Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister godkjent.

**Sak 2021/65 012.1 Referat frå sist møte****Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 14. oktober 2021.

**Sak 2021/66 Drøfting av visitasmelding**

Biskopen si ordning for visitasen inkluderer retningsliner for visitasmeldinga:

«Sokneprest, sokneråd og fellesråd rapporterer til biskopen om liv og verksemd i sokna sidan førre visitas. Prosten avgjer kven av sokneprestane som har ansvar for og er redaktør for meldinga. Han/ho må involvera råd og andre tilsette i prosessen. Det skal lagast ei melding for kvar kommune. Det er viktig at meldinga gjev eit innblikk i kyrkjelyden/ane sine sterke og svake sider, og dei utfordringane ein ser ligg føre. Meldinga vert i regelen ført i pennen av soknepresten. Ho kan gjerne ha ein innleiande bokm med eit kort historisk riss som dekkjer tida frå førre visitas. Meldinga skal vidare ha ein hovudbokm som teiknar eit bilete av det åndelege livet i kyrkjelyden i notid. Denne hovudbolken kan gjerne ha ein generell del, og ein del som omtalar punktvis dei ulike sidene ved det kyrkjelege arbeidet. Kyrkjelyden sitt arbeid skal også vurderast opp mot dei planar som ligg føre frå kyrkjelege organ. Til avslutning skal meldinga peike på vegen ein vil gå i kyrkjelyden, med aktuelle planar, strategi og mål for framtida. Prosten må reflektere om tilhøvet mellom tenestestadene og tenestedistriktet, og elles ha eit samanbindande perspektiv. Visitasmeldinga vil vere ein viktig arbeidsreiskap i visitasen, med tanke på samtalar med tilsette og råd. **Visitasmeldinga skal drøftast i sokneråd og fellesråd.** Soknepresten og rådsleiarane skal underteikne meldinga, som skal sendast om prosten til biskopen seinast tre veker før visitasen tek til. Meldinga bør ikkje overstige 20 sider og vert sendt biskopen både i papirformat og som worddokument. (Det kan godt vera bilete, men då må dei komprimerast så dokumentet ikkje vert for stort.)»

|

Visitasmeldinga for Fitjar sokn er no klar til drøfting. Det er viktig at de les gjennom meldinga. Gje gjerne tilbakemelding til soknepresten før soknerådsmøte om de finn manglar, faktafeil etc. slik at me kan gjera nødvendige endringar.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til visitasmeldinga med dei presiseringane som kom fram i møte:

- 1.
- 2.
- 3.

**Sak 2021/62 Høyring om ny kyrkjeleg organisering**

Arbeidsgruppa som vart sett ned for å arbeida med nokre av høyringsspørsmåla legg fram utkast til høyringssvar til drøfting.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

**Sak 2021/63 Meldingar / open post**

- Neste soknerådsmøte – torsdag 18. november kl.18.30
- 

|